

**SERVICE- OG UTVIKLINGSAVDELINGEN**

Saksbehandler: Lisbeth Reed

Vår dato
05102006
Deres dato
28042006

Vår referanse
200601643-5/E: 030/LRE
Deres referanse
06/1118-1 DV

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

**Høyring - lokaldemokratikommisjonen si andre utgreiing - NOU 2006:7 Det lokale folkestyret
i endring - om deltaking og engajement i lokalpolitikken**

Me syner til foreløpig svar datert 27.09.06, og ettersender med dette det endelege høyringssvaret som går fram av vedlagte saksprotokoll.

Med venleg helsing

Lisbeth Reed
Rådgjevar

Vedlegg: Saksprotokoll



SAKSPROTOKOLL

Arkivsak 200601643
Arkivnr. E: 030
Saksbehandler Lisbeth Reed

Saksgang
Fylkesutvalget

Møtedato
02.10.2006

Saksnr
113/2006

DET LOKALE FOLKESTYRET I ENDRING - DELTAKING OG ENGASJEMENT I LOKALPOLITIKKEN

Fylkesutvalget 02.10.2006

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet treff slikt vedtak:

Vest-Agder fylkeskommune vil gje lokaldemokratikommisjonen ros for grundig arbeid. NOU 2006:7 vil etter vårt syn vere ein nyttig reiskap i arbeidet med å styrke lokaldemokratiet. Høyringssvaret tar vidare opp seks ulike tema:

1. Det regionale nivået

I mandatet til kommisjonen står det i punkt seks: "Redegjøre for og drøfte hva organiseringen av kommunene og fylkeskommunene betyr for lokaldemokratiet." Vest-Agder fylkeskommune finn at kommisjonen i liten grad har sett på dei særskilte demokratiske utfordringane knytt til fylkeskommunen i dag og dei nye regionane i framtida. Me ser på dette som ein mangel ved utgreiinga.

2. Sosial representativitet/tiltak retta mot einskilte grupper

Utgreiinga legg vekt på at det trengst særlege tiltak for å sikre lokalpolitisk medverknad og representasjon frå alle grupper i befolkninga. Vest-Agder fylkeskommune er einig i at ein må leggje til rette for deltaking og engasjement frå kvinner, ungdom og personar med etnisk minoritetsbakgrunn. Eit relevant tema som ikkje blir drøfta i utgreiinga, er røynslene med innvandraråd i kommunar og fylke. Det hadde vore på sin plass å ta med dette.

Fleirtalet i kommisjonen rår til å fjerne lovfesting av eldreråd og råd for funksjonshemma. Vest-Agder fylkeskommune meiner at ordninga med eldreråd og råd for funksjonshemma må evaluerast før ein eventuelt fjernar lovfestinga.

3. Ulike organisasjons- og eigarskapsformer.

Eit resultat av omstilling i kommunal sektor er at kommunar og fylkeskommunar etablerer ulike selskap og stiftingar på sida av den tradisjonelle organisasjonen. Vest-Agder fylkeskommune ser at dette utfordrar den demokratiske kontrollen med fellesskapet sine middel. Me støttar kommisjonen si tilråding om å få kartlagt omfanget og konsekvensane av selskapsdanningar.

4. Ordning med felles valdag

Vest-Agder fylkeskommune støttar kommisjonen si tilråding om å føre vidare ordninga med felles valdag for kommune- og fylkestingsval, og å halde stortingsval for seg.

5. Mange bør få høve til å delta

Ein tar best vare på verdiar som mangfald og medverknad når mange får høve til å delta i folkevalde organ, og når dei folkevalde kan trekke med fleire i råd og utval. Kommisjonen peiker t.d. på høvet til å bruke barn og unge under stemmerettsalderen som medlem i råd og utval, men at reglar om gjennomgåande representasjon hindrar dette. Vest-Agder fylkeskommune har sans for tanken om å trekke inn barn og unge i større grad.

6. Senking av stemmerettsalderen

Kommisjonen har vurdert spørsmålet om å senke stemmerettsalderen ved lokalval til 16 år. Fem av medlemma i kommisjonen går inn for dette. Vest-Agder fylkeskommune støttar mindretalet, og går inn for å gje 16-åringane stemmerett. Ungdommen i dag har gode høve til å orientere seg om samfunnsspørsmål, og stemmerett kan, saman med andre tiltak, vere eit incitament til engasjement.

UTVALGETS BEHANDLING:

Fylkesordføreren fremmet følgende alternative forslag til vedtak:

Pkt 2. avsnitt 2:

Vest-Agder fylkeskommune meiner at ordninga med at eldreråd og råd for funksjonshemma er lovfesta bør videreførast.

Pkt 4:

Vest-Agder fylkeskommune støttar mindretalet i kommisjonen, som går inn for felles valdag for stortingsval og fylkes-/regionval, og eigen valdag for kommuneval.

Pkt 6:

Vest-Agder fylkeskommune støttar fleirtalet og går inn for at stemmerettsalderen må følge myndesalderen.

Representanten Dag Vige fremmet følgende forslag til vedtak:

Det må vere eit overordna mål at selskap og stiftingar med kommunal og fylkeskommunal deltaking praktiserer prinsippa om open og offentleg forvalting.

Det må vere mogeleg for den einskilde kommune å sjølv fastsette tidspunkt for valdagen, innanfor ei gitt tidsramme. Dette for å auke engasjementet om lokale saker.

Representanten Toril Runden (Ap) fremmet følgende alternative forslag til pkt 4:

Vest-Agder fylkeskommune støttar mindretalsforslaget om felles valdag for stortings-, fylkes-, og kommuneval.

VOTERING:

Pkt 1 og første avsnitt i pkt 2 i fylkesrådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

Ved alternativ votering mellom KrFs forslag og annet avsnitt i pkt 2 i fylkesrådmannens innstilling fikk KrFs forslag 4 stemmer (Krf, FrP) mens fylkesrådmannens innstilling fikk 5 stemmer og ble vedtatt.

Pkt 3 i fylkesrådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

Første avsnitt i Viges tillegg ble vedtatt mot 3 stemmer (Ap(1), KrF)

Rundens forslag til nytt pkt 4 falt mot 3 stemmer (Ap, Frp)

Viges tilleggsforslag fikk en stemme (V) og falt.

Ved alternativ votering mellom pkt 4 i fylkesrådmannens innstilling og KrFs forslag fikk

innstillingen 3 stemmer (FrP, V) mens KrFs forslag fikk 6 stemmer og ble vedtatt.
Pkt 5 i fylkesrådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.
Ved alternativ votering mellom pkt 6 i fylkesrådmannens innstilling og KrFs forslag fikk innstillingen 3 stemmer (SV, H, V) mens KrFs forslag fikk 6 og ble vedtatt.

VEDTAKET BLE:

1. Det regionale nivået

I mandatet til kommisjonen står det i punkt seks: "Redegjøre for og drøfte hva organiseringen av kommunene og fylkeskommunene betyr for lokaldemokratiet." Vest-Agder fylkeskommune finn at kommisjonen i liten grad har sett på dei særskilte demokratiske utfordringane knytt til fylkeskommunen i dag og dei nye regionane i framtida. Me ser på dette som ein mangel ved utgreiinga.

2. Sosial representativitet/tiltak retta mot einskilte grupper

Utgreiinga legg vekt på at det trengst særlege tiltak for å sikre lokalpolitisk medverknad og representasjon frå alle grupper i befolkninga. Vest-Agder fylkeskommune er einig i at ein må leggje til rette for deltaking og engasjement frå kvinner, ungdom og personar med etnisk minoritetsbakgrunn. Eit relevant tema som ikkje blir drøfta i utgeiinga, er røynslene med innvandrarråd i kommunar og fylke. Det hadde vore på sin plass å ta med dette.

Fleirtalet i kommisjonen rår til å fjerne lovfesting av eldreråd og råd for funksjonshemma. Vest-Agder fylkeskommune meiner at ordninga med eldreråd og råd for funksjonshemma må evaluerast før ein eventuelt fjernar lovfestinga.

3. Ulike organisasjons- og eigarskapsformer

Eit resultat av omstilling i kommunal sektor er at kommunar og fylkeskommunar etablerer ulike selskap og stiftingar på sida av den tradisjonelle organisasjonen. Vest-Agder fylkeskommune ser at dette utfordrar den demokratiske kontrollen med fellesskapet sine middel. Me støttar kommisjonen si tilråding om å få kartlagt omfanget og konsekvensane av selskapsdanningar.

Det må vere eit overordna mål at selskap og stiftingar med kommunal og fylkeskommunal deltaking praktiserer prinsippa om open og offentleg forvaltning.

4. Ordning med felles valdag

Vest-Agder fylkeskommune støttar mindretallet i kommisjonen, som går inn for felles valdag for stortingsval og fylkes-/regionval, og eigen valdag for kommuneval.

5. Mange bør få høve til å delta

Ein tar best vare på verdiar som mangfald og medverknad når mange får høve til å delta i folkevalde organ, og når dei folkevalde kan trekke med fleire i råd og utval. Kommisjonen peiker t.d. på høvet til å bruke barn og unge under stemmerettsalderen som medlem i råd og utval, men at reglar om gjennomgåande representasjon hindrar dette. Vest-Agder fylkeskommune har sans for tanken om å trekke inn barn og unge i større grad.

6. Senking av stemmerettsalderen

Vest-Agder fylkeskommune støttar fleirtalet og går inn for at stemmerettsalderen må følge myndealderen.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 5. oktober 2006

Sendes saksbehandler idet en viser til resultat av behandling i fylkesutvalget 02.10.06.

Kristiansand, den 5. oktober 2006

Solfrid G. Mjåland
Politisk sekretariat